



Tvisteløysingsnemnda

Vedtaksdato
26. mars 2020

Vår referanse
2019/26584

Sakshandsamar
Mona Ekelund

VEDTAK NR 50/20 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

Saka vart handsama Tvisteløysingsnemnda sin leiar, Anne Marie Due

Saka gjeld

Tvist om rett til stilling for deltidstilsette tilsvarande faktisk arbeidstid etter arbeidsmiljølova § 14-4 a

Arbeidstakar

A

Arbeidsgivar

B kommune

Det vart treffe slikt vedtak:

Saksframstilling

A er fast tilsett som helsefagarbeidar i helgestilling på 17,61 prosent i B kommune. Ho har i tillegg hatt eit vikariat i 41 prosent stilling i perioden 9. september 2019 - 12. januar 2020.

Den 3. oktober 2019 sette A krav om stillingsutviding på grunnlag av utført meirarbeid dei siste 12 månader, jf. arbeidsmiljølova § 14-4 a.

Arbeidsgivar avslo kravet i brev datosett 21. oktober 2019, sendt elektronisk frå sikra arkivsystem til arbeidstakar sin Digipostkasse. Arbeidstakar opna og las avslaget den 22. oktober 2019. Grunngevinga for avslaget var at A ikkje hadde krav på auka fast stilling fordi ho var lovleg mellombels deltidstilsett i ei anna stilling.

Saka vart brakt inn for Tvisteløysingnemnda i e-post av 19. november 2019. Overfor nemnda har begge partane fått kome med ytterlegare opplysingar og grunngevingar i saka.

A sa opp si stilling i e-post til arbeidsgivar av 27. januar 2020.

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidstakar:

- e-post av 19. november 2019
- e-post av 2. desember 2019 med vedlegg
- e-post av 16. desember 2019 med vedlegg
- brev datosett 18. februar 2020

Det ligg føre følgjande dokument frå arbeidsgivar:

- brev datosett 2. desember 2019 med vedlegg
- brev datosett 9. desember 2019 med vedlegg
- brev datosett 20. januar 2020
- brev datosett 10. februar 2020

Utsegn frå arbeidstakar

A gjer gjeldande at ho har krav på utvida stilling med 45 prosent og fører i det vesentlege fram:

Alt meirarbeid utanom vikaravtalane skal reknast med. Meirarbeidet har vore jamleg utført i berekningsperioden. Behovet er noko redusert, men ikkje heilt falt bort.

Utsegn frå arbeidsgivar

B kommune gjer gjeldande at A ikkje har krav på utvida stilling, og fører i det vesentlege fram:

Meirarbeid i ferievikariat, vikariat og byttevakter skal ikkje reknast med i kravet.

Opphald i meirarbeidet gjer at kravet til jamlegheit ikkje er oppfylt.

Behovet er delvis falt bort som følge av at redusert sjukefråvær og flytting til nytt omsorgsbygg hausten 2020 vil redusere behovet ytterlegare.

Merknader frå Tvisteløysingsnemnda

Tvist mellom arbeidsgivar og arbeidstakar om rett til stilling for deltidstilsette tilsvarande faktisk arbeidstid kan bringast inn for Tvisteløysingsnemnda, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (1) og § 14-4 a (2).

Dersom det er openbert at vilkåra for realitetsbehandling ikkje er oppfylt, kan Tvisteløysingsnemnda sin leiar eller nestleiareren alene avvise saka, jf. forskrift om tvisteløysingsnemnd etter arbeidsmiljølova § 5 (2). Saka er difor handsama av nemnda sin leiar.

Fristen for å bringe saka inn for Tvisteløysingsnemnda er fire veker etter at arbeidsgivar sitt skriftlege avslag er kommen frem til arbeidstakar, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 a (1).

Slik saka er opplyst legger nemndas leiar til grunn at arbeidsgivar sitt brev datosett 21. oktober 2019 er å anse som et endeleg avslag frå arbeidsgivar. Arbeidsgivar uttala der klart at kravet vart avslått, og det vart ikkje opna for klagebehandling eller anna fornya diskusjon av saka. Avslaget vart sendt elektronisk i Digipost til arbeidstakar 21. oktober 2019. Partane har bekrefta at postkassa ikkje er knytt til arbeidsplassen. At arbeidstakar fyrst las avslaget dagen etter er ikkje avgjerande for berekninga av fristen, ettersom det var tilgjengeleg for ho frå 21. oktober 2019.

Fristen for å fremme saka for Tvisteløysingsnemnda utløp dermed seinast 18. november 2019. Saken ble fremma for Tvisteløysingsnemnda ved e-post av 19. november 2019. Saka er dermed ikkje rettidig brakt inn for nemnda.

Nemnda si leiar viser i tillegg til at det etter arbeidsmiljølova § 17-2 berre er «tvistar» som nemnd i § 14-4 a som kan bringast inn for nemnda for avgjerd. Nemnda har i tidlegare sakar lagt til grunn at det berre ligg føre ein slik tvist der arbeidstakar har eit reelt behov for å få avgjort saka. Om eit reelt behov ligg føre eller ikkje, må på same måte som etter tvisteloven § 1-3 avgjerast ut i frå ei samla vurdering av kravet sin aktualitet og partanes tilknytning til det. Kravet til eit reelt behov for avgjerd er etter nemnda si oppfatning eit generelt vilkår og som også må gjelde i denne saka. Aktualitetskravet er presisert av Høgsterett i ei rekke avgjerder.

Arbeidstakar har i brev til nemnda datosett 18. februar 2020 opplyst at ho har sagt opp si stilling. Slik saka er opplyst, kan ikkje nemnda sjå at det ligg føre eit klart behov for rettsleg avklaring av om ho har rett til stilling tilsvarande faktisk arbeidstid i stillinga ho ikkje lenger har.

Nemnda si leiar har etter dette kommen til at saka må avvisast.

Konklusjon

Saka avvisast.

Tvisteløysingsnemnda

Anne Marie Due
Leiar

26. mars 2020

Til orientering

Tvistar kan bringast inn for domstolane etter at Tvisteløysingsnemnda sitt vedtak føreligg, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (2). Konklusjonen til nemnda står ved lag medan saka er til behandling hjå domstolane. Dersom dette verkar urimeleg, kan retten etter krav frå ein av partane fastsetje ei anna mellombels ordning.

Frist for å bringe tvisten inn for domstolane er åtte veker frå partane vart underretta om nemnda si avgjerd, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (3).

Reisast ikkje søksmål innan fristen, verkar vedtaket som ein rettskraftig dom, og det kan fullbyrdast etter reglane som gjelder for dommar, jf. arbeidsmiljølova § 17-2 (4).